

A

**STYRET**

Leiar: Agnar Kvæstvedt 22 49 46 96 (p)-90 53 36 96

Kasserar: Håkon Nærnesdal 92 06 72 63  
haknun@outlook.com

**PRESSE & PR**

Leiar: Alv Reidar Dale 57 82 62 48 (p)  
a.r.e.dale alfakrøll admin.uio.no

**HYTTESTYRET**

Leiar: Agnar Hegernes 92 49 64 30  
agnar.hegernes@outlook.no


Kostald Sunnfjordhytta:  
Andor Gjelsvik  
andorj@outlook.no 21 92 02 05 (p)-91 55 10 58 (s)

Kostald Nordfjordhytta:  
Dagfinn Åa  
aa12@outlook.no 46 00 49 33

**SGN OG FJORDANDELINGEN**

Leiar: Ingjerd Torsby 913 16 368  
sofingjerd@gmail.com

Sender: **SGN OG FJORDANDELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**



**TRE FJORDAR**  
LAGSBLAD FOR **SGN OG FJORDANDELAGET** i Oslo  
NORDAHL BRUNSGATE 22, 0165 OSLO

NR 1 2021

36. **ÅRGANG**

I mai  
var  
det  
**reke-**  
**lag**  
på  
**Nord-**  
**fjord-**  
**hytta**  
... og  
**18.**  
**sept.**  
blir  
det  
**60-års-**  
**jubile-**  
um på  
**Pust-**  
**ut...**



- sjå berre kor arbeidskarane på Sunnfjordhytta kviler seg i form...

# Leiaren – hausten kan bli ein ny vår...

## Gode medlem!

Etter eit år der laget vårt har vore meir enn halvveges i dvala, er det no tid for å kanskje planleggje å 'vakne' opp att. Med mindre den nye delta-varianten av koronaviruset breier seg.

Sjølv om det har vore noko stille i laget, har likevel hyttene vorte brukte, med bl.a. jubileum på Nordfjordhytta. Sjå også referatet i denne avisana frå rekeselskapet der 29. mai.

Til hausten planlegg vi sekstiårs-

feiring på Pustut (Sunnfjordhytta) i Lillomarka, sjå første varsel under.

Årsmøtet vart ikkje halde i februar, slik det skulle ha vore. Men vi i styret held fram til dess det kan gjennomførast møte med nye val. Årsmøtepapira vart sende ut til vanleg tid, slik at vi treng berre å fastsetje ein dato for møte. Det kan verte til hausten.

Så ønskjer vi alle ein god sommar!

**Agnar Kvellestad** (leiar)

## 18. september feirar vi Sunnfjordhytta 60 år!

Hausten på hyttene ser lovande ut: Koronasituasjonen er så bra at det er mogeleg å planleggje tilskipingar på hyttene til hausten.

### Pustut laurdag 18. september:

Markering av at det er 60 år sidan Sunnfjordlaget kjøpte Pustut. Det vert òg innviing av nytt utebord.

*På biletet frå 6. september i fjor ser de dei tre flittigaste karane i sving med å setje hytta i stand til feiringa; f.v. Andor Gjelsvik, Birger Underdal og Agnar Hegrenes.*

**Laurdag 6. november** blir det smalahovegilde på Pustut.



FOTO: AV Reidar Dale

Elles oppmodar vi medlemene om å bruke hyttene til dagsturar og overnatting.

**Agnar Hegrenes**

## I godt rekeselskap på Nordfjordhytta 29. mai

Strålende sommarver over Eineåsen denne helga, og liljekonvall i bløming. Finare kunne knapt ramma rundt rekeselskapet bli. Ein av deltagarane møtte opp kvelden før!

*Det glade rekelaget: f.v. Randi, Ingeborg, Yngvar, Per, Asta, Anne-Lise og Marit.*



Dagen starta med transport av 8 stolar til hytta, stolar frå Storsalen i Nordahl Bruns gt. som BLS hadde sjalta ut. Anny og Oddvar hadde i vinter plukka ut 8 stolar for bruk på Nordfjordhytta. Anne-Lise stilte opp med den romslege varebilen sin og fekk transportert dei til enden av skogsbilvegen frå Lommedalen. Seks stolar vart plasserte rundt bordet i etestova, to ved bordet i peisetova. Det vart veldig bra! Takk til alle som bidrog. Ekstra takk til Anny som initiativtakar.

I den fine og varme sommarkvelden hadde vi festmåltidet for 8 personar rundt det nye utebordet. Finare ramme rundt eit festmåltid kunne det ikkje bli. Asta og Per Heggen var med på dette selskapet for første gong. Veldig hyggjeleg!

På søndag under laaang frukost fekk vi hyggjeleg nordfjordbesøk av Ivar Andenæs, som nokre av oss kjende litt til frå før. Då vart det naturlegvis mykje nordfjordmimring. Takk for ei strålende helg på Nordfjordhytta!

## Ringen trør til igjen!

Håper dere alle sammen er vaksinert så vi kan **begynne dansen igjen tirsdag 24. august**. Denne dagen ønsker vi å ha som en kosekveld med god mat og litt dans da det er lenge siden sist vi så hverandre. Vi må som vanlig ta forbehold hvis samfunnet blir stengt ned igjen etter sommeren. Vi kommer med mer info i august. Vi gleder oss til å se alle igjen!

**Tekst og foto: Dagfinn Aa ©**

Fra Ingjerd, Marit, Torgunn, Hjørdis, Anne-Tove, Berit og Olav